

GENERALFORSAMLING NORSK PALLIATIV FORENING,
BODØ 13. SEPTEMBER 2018

NPF sine vedtekter finn ein på nettsida vår, www.palliativ.org, og arkfane «OM OSS»

Dagsorden (som er i samsvar med forslag til dagsorden i vedtektene):

- SAK 1: Val av møteleiar
- SAK 2: Val av referent
- SAK 3: Godkjenning av dagsorden
- SAK 4: Val av to personar til å underskrive møteprotokoll
- SAK 5: Val av to stemmeteljarar
- SAK 6: Styret sin årsrapport for styreperioden 2016-2018 (vedlegg)
- SAK 7: Framlegg av rekneskap og budsjett
- SAK 8: Fastsetjing av kontingent
- SAK 9: Innkomne forslag (frist til styret onsdag 18. juli)
- SAK 10: Val av styreleiar
- SAK 11: Val av styre
- SAK 12: Val av revisor
- SAK 13: Val av valkomite

Til SAK 8: Fastsetjing av kontingent

Framlegg til vedtak:

Styret i NPF tilrår å auke medlemskontingenten fra kr 450,- pr år, til kr 550,- pr år.

Grunngjeving:

Med 550 medlemmer gir dette auka inntekter på kr 55 000,-pr år

Landskonferansen går i balanse/ lite overskot i 2018 (som forventa)

Medlemskontingenten går i stor grad til tidsskriftet Omsorg + medlemsregistrering slik at NPF sit att med ca kr 70 000 pr år (kr 67 500 i 2017 av kr 247 500,-).

Organisasjonen treng å styrke sitt inntektsgrunnlag.

Til SAK 9: Innkomne forslag

FORSLAG 1:

Eit samla styre i NPF kjem med framlegg om endringar i vedtektene, som alle gjeld endringar i forhold til val av styre. Sjå vedtektene under Styre for utfyllande informasjon.

Framlegga til endring gjeld punktet STYRET i vedtektene:

- 1 Først ei presisering av vedtekene:
Styret ber om at leiar vert vald på GF, noko som er i samsvar med vedtektene, men har ikkje vore praktisert.

Vedtekene: «Leder velges ved særskilt valg»

2 Framlegg til vedtak:

Styret foreslår å ta bort formuleringa

«, herav en fra styret i Norsk Forening for palliativ medisin»

Grunngjeving:

Det er tett og godt samarbeid mellom våre to foreninger, og dette anser styret som en unødvendig ordning. Har ikke blitt praktisert på en tid.

3 Framlegg til vedtak:

Styret foreslår ny samansetjing av styret med

3 legar,

2 sjukepleiarar

4 repr frå ulike yrkesgrupper

(sosionom, prest, fysioterapeut, ergoterapeut, psykolog, ernæringsfysiolog, sjukepleiar eller evt anna relevant yrkesgruppe)

Det kan vere 3 sjukepleiarar i styret, men tverrfagleg samansetjing blir sterkere vektlagt.

4 Framlegg til vedtak:

Antal varamedlemmer reduseres fra fem til to

Grunngjeving:

Det har i styreperiodene ikkje vore behov for å involvere meir enn to vararepresentanter. Det er uheldig for vararepr å bli valgt, men ikkje involvert.

Styret foreslår derfor ein reduksjon, jfr framlegg til vedtak

FORSLAG 2:

Sistehjelp var eitt av dei viktigaste satsingsområda i styreperioden 2016 -2018.

Styret legg fram ei eiga orientering om prosessen kring Sistehjelp på Generalforsamlinga.

Slik situasjonen er pr september 2018 ynskjer styret å gå vidare med nytt og tilpassa konsept utanfor Sistehjelpskurset, med annan tittel og norsk tilpassing.

For styret

**Geir Andvik
Leiar**

Bergen 12. august 2018